



Referat

13.02.18

Møte i Foreldra sitt arbeidsutval ved Hafslo barne- og ungdomsskule tysdag 13.feb. kl. 19-21

Stad: Møterom i fellesbygget

Tilstades: Anita Sjøthun, Oddfrid Bergfjord, Carolin Ruud, Bjørn Arild Grindhaug, Elin Anette Hillestad, Vivian Kvam, Kai Inge Cirotzki, Lisbeth Skjervén, Jan Ølnes, Eli Kjos Wenjum .

Forfall: Randi Kvamme, Karita Nes

Sakliste:

9 /17-18: Godkjenning av møtebok

- Møtebok godkjent

10/17-18: Evaluering juletreffestén 2017

- Overskotet frå julefesten 2017 dekkar underskotet frå julefesten 2016. Det var fornuftig å gå frå 0,5 L til 1,5 L flasker med brus, det reduserte utgiftene ein god del. I arbeidsgruppa til julefesten hadde dei denne gongen med ein frå mellomtrinnet og ein frå småskulen, det ynskjer dei å ta med seg vidare. Mengda med mat var ok, det vart og godt motteke at det eit alternativ til søte boller og kaker. Pizzaboller var eit godt alternativ. Kantinedøra var låst, slik at ein måtte gå frå kantina til mat og helse for å lage meir saft, neste julefest bør døra inn til kjøkkenet i kantina vere låst opp. På julefesten går det lite saft, slik at ein bør unngå å spare pengar ved å bruke first price saft. Denne gongen underheldt skulekorpset, rektor informerte at det skal vere eit eingongstilfelle.

11/17-18 Dugnad for Polen/ klassetur 8 kl-10 kl

- I år er det fåe elevar i 8.klasse. Elevane i 8.klasse med foreldre har fått i oppgåve å arrangere 17.mai kvart år. I år er utfordringa at det

er ikkje nok elevar og foreldre til å dekke heile arrangementet. Besteforeldre og eldre søsken må stille for at det skal vere nok, fordi dei elevane som ikkje bur på Hafslo har vore villige til å stille opp. Etter møtet i FAU kan det verke som om at dei fleste elevane stiller, med minst ein voksen. For framtidige 17-mai-arrangement kan det vere ein god ide å informere FAU ved skulane på Veitastrond og i Solvorn om at når elevane startar i 8.klasse ved HBU må elevar og foreldre rekne med å bidra på 17.mai arrangementet på Hafslo. Inntekta frå denne dagen går til skuletur i 10.klasse, også kjent som «Polen-turen».

- Dei som veit dei ikkje har høve til å stille på dugnad på 17.mai må rekne med å bidra ekstra på dei andre dugnadane. 8.klasse har ansvaret for Bruktbutikken, og hausten i 9.klasse arrangerer dei Fiskefestivalen. Dette er i tillegg til pizza-/kantinedrift i 9.klasse dei dugnadane som bidreg til mest inntekt til klassekassa og skuletur.

12/17-18: Storforeldremøtet 15.februar 2018

- Barnevakten ved Ragnhild Jansen
- S9A i opplæringslova
- Visma flyt skule.

13/17.18 Søknad om støtte til Storforeldre møte

- Ein skal sende søknad om støtte til Luster sparebank, Lions og Røde Kors distriktsrådet, for å dekke utgiftene til dette foreldremøtet.

14/17-18: Elevundersøkelsen 2017

- Rektor gjekk i gjennom resultatata frå Elevundersøkelsen. Den vart gjennomført på 7. - 10. trinn. Av 100 elevar har 99 svara. Det som kjem fram er at ein del elevar opplever å bli mobba. Elevar vert mobba av elevar frå både HBU og andre skular, dei opplever å bli mobba digitalt (mobil, pc, ipad) og dei opplever å bli mobba av dei vaksne på skulen.
- Elevrådet har hatt dette som sak, og dei har sett ord på kva som er mobbing. Gjennomgang av dette ved rektor.
- Det er gjennomført ei «ikkje-anonym spørjeundersøking». Pals-teamet bearbeider no informasjon frå denne undersøkinga for å finne ut kva ein skal jobbe med vidare. Det ligg til kontaktlærar og team.

- FAU meiner at dette er ei viktig sak, og det er bra at skulen tek tak og jobbar aktivt med dette. Målet må vere å få talet på dei som opplever mobbing ned.
- I elevundersøkinga kjem det og fram at elevane opplever meir praktisk opplæring, dette kanein sjå i samanheng med faget arbeidslivfag og at skulen har i tre semester delteke i den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i utvikling der hovudmålet har vore auka motivasjon gjennom meir praktisk, variert og relevant undervisning.

15/17-18: Tilsyn - Miljøretta helsevern

- HBU hadde tilsyn frå miljøretta helsevern våren 2016, før byggeprosessen var over, og skulen vart ikkje godkjent. No har skulen hatt eit nytt tilsyn, for å bli godkjent. Grunnar til at dei ikkje fekk godkjent i 2016 var muren på nedsida av samfunnsbygget. Denne er no fiksa. Det mangla handvask i nokre av klasseromma på ungdomsskulen, dei har no fått tilgang handvask i kantina. Det vart og gjennomført måling av inneklima. HBU ventar på rapporten frå Miljøretta helsevern.

16/17-18: Tilsyn - Skulemiljøet, Fylkesmann

- HBU får tilsyn av Fylkesmannen 12.-13. april 2018. Førre tilsyn var skuleåret 2012/13.
- Sjå eige skriv som vert sendt ut gjennom Visma skule flyt etter vinterferien.
- FAU skal stille til gruppeintervju 19.00-19.45 onsdag 11. april, på Walaker hotell (førebels).
- Fylkesmannen ynskjer å gjennomføre gruppeintervju med tre foreldrekontaktar som ikkje er FAU-representantar, ein frå kvart av klassestega 1.-4., 5.-7. og 8.-10. FAU tek kontakt med klassekontaktane. Møte er 11.april kl 20.00-20.45 på Walaker Hotell.

17-17-18 Miljø, og uønska hendingar på skuleveg.

- På ettermiddagsbussen (14.40) ein dag i november påstår bussjåføren at det har vore litt hærverk på eit bussete. Det er rissa, ripa med ein spiss gjenstand på seteryggen. Han fortel at det er mykje søppel i bussen. Mange elevar går innom Spar og handlar før dei tek bussen. Alt boset slepp dei i frå seg der dei er, og ikkje i nærast bossbøtte.
- Skulen har teke det opp i elevrådet, både hærverket og søppel. Handling på butikken har vore teke opp på foreldremøta. Dette er ei sak som dukkar opp vart år i større og mindre grad.
- Korleis sikre godt miljø, førebygge og reagere på uønska hendingar på skuleveg.

- Oppfølging av situasjonar på skuleveg vedrørande elevar . Sikre rutinar ved skulestart , avklare kontakt mellom skule/buss selskap for å sikre godt miljø til, ved og på busen.
- Foreldre må snakke med ungene sine, med fokus på å unngå at dei driv hærverk. Foreldra må snakke med ungene sine om å handle på spar etter skulen, ein treng ikkje handle kjeks, brus, energidrikk eller sjokolademjolk rett etter skulen, for å kose seg på skulebusen.
-

18/17-18: Ymse

- SU-møtet vert utsatt ei veke
- 10.klasse er trekt ut til å vere med i PISA-undersøkinga.
- LVGS: kommunen ynskjer at lokala/området skal bli brukt til barnehage med fire avdelingar. Luster kommune og arkitektkontoret 4B skal vurdere om bygget er eigna eller om det må rivast. Dette er no på planleggingsstadiet, og det er tenkt at spadetaket skal settast i jorda 1.1.2020. Ein barnehage krev eit anna uteområde enn det ein skule krev. Kjem parkeringsplassane ved LVGS til å forsvinne? Kva skal skje med det som vert lagra på LVGS? Viktige spørsmål som kom fram, og som er naudsynt å snakke om.
- I Sogn Avis kunne vi laurdag 11.02 lese at «Rådmannen føreslår å oppretta eit web-basert booking og faktureringssystem for Gaupne idrettshall, samfunnshusa på Hafslø og i Jostedal, samt skulane.» Dette vil seie at kommunen tenkjer at det skal ikkje vere gratis å bruke skulane og samfunnsbygga i kommunen lenger, og dette vil råke idrettslaga og andre brukarar.
- Skulen har ei digital plattform; Teams, her er det eleven som har tilgang og ikkje foreldra. Nokre klassar brukar dette og andre ikkje. Du som foreldre må få din unge til å vise deg kva dette er.
- Det er komme inn eit ynskje om at skulen skal bli nøtte-fri. FAU minner om oppmoding frå tidlegare, der ein oppmodar til å ta omsyn til at det er elevar som ikkje toler nøtter ved HBU. Dersom du har ete nøtter er det viktig å vaske hendene godt, slik at ein ikkje spreier nøtter frå hender til dørhandtak. Skulen finn det vanskeleg å erklære skulen nøttefri pga bruk av bygga utanom skuletid. FAU støttar dette.

Referent:

Lisbeth Skjerven